

Opplæringskontoret **Nordhordland**

ÅRSMELDING ÅR 2018

OPPLÆRINGSKONTORET

Opplæringskontoret for Nordhordland er ein medlemsorganisasjon for opplæringsverksemdar i Nordhordland. Kontoret leigar lokaler i Galteråsen 4 i Isdalstø.

Hovudoppgåva til Opplæringskontoret er å koordinera og gjennomføra tiltak innan fagopplæring i samsvar med Opplæringslova. Sentrale samarbeidspartar utover medlemsverksemdene er bl.a.; Knarvik vidaregåande skule, Austrheim vidaregåande skule, Hordaland fylkeskommune hovudsakleg ved Fagopplæringskontoret og Opplæringsavdelinga, Nordhordland Næringslag og LO Nordhordland.

MEDLEMSBEDRIFTER:

Ved utgangen av år 2018 hadde Opplæringskontoret 112 medlemsverksemdar. Nye medlemmar i 2018 er: Frekhaug Vinduet AS, Glassekspert Gjesdal Knarvik, Jobbmobil AS, Naboen Utleie Bergen AS, Naomi & Lukas AS, Smilehullet Familiebarnehage og Trollskogen Barnehage Ikenberget SA.

STYRET:

Styret for Opplæringskontoret i Nordhordland er samansett i tråd med gjeldande vedtekter og består av 3 representantar frå medlemsverksemdene, ein representant frå vidaregåande skule, ein representant frå Nordhordland Næringslag og ein representant frå LO Nordhordland.

I 2018 var styret samansatt som følgjer:

Styremedlemmar:

Nils Arne Træland (Lindås VVS Nils Træland) Styreleiar

Konrad Risnes (Risnes Elektro) nestleiar

Mette Marei Træland (Lindås kommune)

Jimmy Pasali (Nordhordland Næringslag)
Rektor på Knarvik vidaregåande skule, Kari Espelund Bruvik
Leiar i LO Nordhordland, Rune Myntevik

Personleg vararepresentantar ;

Terje Seim (Seim Bygg AS) vara for Nils Arne Træland
Eirik Eknes (Eknes karosseri), vara for Konrad Risnes
Kathrine Straumøy Brakstad (Meland kommune), vara for Mette M. Træland
Frode Hervik (Rektor v. Austrheim vgs), vara for Kari Espeland Bruvik
Britt Inger Myhr (nestleiar LO Nordhordland), vara for Rune Myntevik
Ove Kåre Kjeilen (Nordhordland Næringslag), vara for Jimmy Pasali

I valnemnda sit: Geir Kleppe (Nordhordland elektro), Wenche Myrmel
(Austrheim kommune) og Ståle Vabø (Mongstad Industrier).

ØKONOMI/FORTSATT DRIFT:

Årsrekneskapen syner ei oversikt over utvikling og resultat for verksemda ved årsskiftet.

I 2018 har me kome ut med litt mindre utgifter enn det var budsjettert med og litt meir inntekter enn det var budsjettert med.

Totalt har Opplæringskontoret eit overskott på vel 7 mill. (kr. 7.301 686.91) i 2018, noko høgare enn budsjettert. Styret tilrår å setja av kr. 7 mill. til utbetaling til bedriftene. Dvs. ei utbetaling på over 70% av tilskottet.

Ved oppsett av årsrekneskapen føreset styret vidare drift. Og stadfestar med underskrift at dei ikkje kjenner til andre tilhøve som kan påverka resultatet.

AKTIVITET ÅR 2018:

Styremøte:

Det har vore gjennomført seks styremøte i 2018. Styret har handsama 42 saker, som i all hovudsak dreiar seg om; drift, økonomistyring, planar og utvikling.

Personale:

Opplæringskontoret har 4 tilsette. Dagleg leiar og lærlingekoordinator tilsett i 100% stillingar. Kontortilsett i 80% stilling, og nyttilsett i kombistilling i 40% (tilsett frå 01.10.18).

Likestilling:

Når det gjeld kjønnsbalansen, så har me ei overvekt av menn i styret; med fire menn og tre kvinner. Samstundes har me berre kvinnelege tilsette på kontoret. Samla utgjør det ei fordeling på 40% menn og 60% kvinner.

Me ser at me har ei utfordring i høve kjønnsfordelinga på kontoret. Så ved framtidige utlysingar av stillingar, vil me ha fokus på å få fleire menn til å søkja. Det er eit ynskje om å få til ei betre kjønnsfordeling på kontoret.

Arbeidsmiljø:

Opplæringskontoret fører oversikt over sjukefråvær i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter. Og har i 2018 hatt eit samla sjukefråvær på 2,34%.

Det er ikkje registrert ulykker eller skadar i løpet av året.

Aktiviteten i opplæringskontoret har liten innverknad på det ytre miljøet. Og me legg stor vekt på å overhalda gjeldande lovar og reglar på alle område.

Lærlingar:

Opplæringskontoret for Nordhordland hadde registrert 205 aktive lærlingar og lærekandidatar ved utgangen av 2018. Det vart tatt inn 68 nye lærlingar og 44 lærlingar har fullført læretida dette året. Av desse har; 11 oppnådd fagbrev med resultat Bestått Mykje Godt og 28 med Bestått, 4 har valgt å utsetja prøven og 1 har valt å avslutta utan å gå opp til fagprøve.

Og så har me hatt tre hevingar i løpet av året.

Eigne arrangement:

- **26.01.2018: Svennegilde m. fagbrevutdeling**

Markeringa vart halde på Alver Hotell. 58 nyutdanna fagarbeidarar var invitert til å motta fagbrevet. Representantar frå bedriftene var sjølv sagt også invitert, og arrangementet vart avvikla med stil. Rektor på Knarvik vgs heldt festtalen og fleire av ordførarane i regionen var med og gjorde stas på dei nyutdanna fagarbeidarane.

- **10.04.2018: Årsmøte**

Årsmøtet vart halde i Galteråsen 4 i møtelokalet hjå H.Sandvik. Med 8 deltakarar til stades. Årsmøte tok for seg ordinære årsmøtesaker.

- **Fagsamlingar**

I 2018 har me berre arrangert ei fagsamling.

Me samla bilfagbedriftene på Opplæringskontoret 10.01.2018. På samlinga hadde me invitert med oss to representantar frå prøvenemnda. På agendaen sto opplæringsplanane, oppfølgingsarbeidet, og innhald, gjennomføring og vurdering på fagprøvane.

- **27. og 28.11.2018: Yrkes og Utdanningsmesse i Nordhordland**

Opplæringskontoret var også i 2018 med-arrangør på Yrkes- og utdanningsmessa som tradisjonen tru vart halde i Nordhordlandshallen.

Me hadde også ein felles annonse i utdanningsavisa (bilag i Strilen), som vart gitt ut i tilknytning til utdanningsmessa.

Andre oppgåver:

- Me har rutinar for jamlege oppfølgingsmøter med lærlingane og bedriftene. Og har gjennomført over 400 evaluerings- og oppfølgings-møter gjennom året.
- Ordna med formelle godkjenningar (godkjenning av bedrifter, lærekontraktar, oppmeldingar , endringar osv.)
- Bestilt naudsynte teorikurs og bidratt til oppmeldingar til eksamen
- Vitja potensielle medlemsbedrifter og orientert om Opplæringskontoret og lærlingordninga.
- Vitja alle vg2 yrkesfag klassane på Austrheim og i Knarvik og orientert om lærlingordninga og oppfordra dei til å søkja læreplass. Me har i tillegg vore og orientert i fleire vg1 klassar.
- Synleggjort Opplæringskontoret, og våre medlemsbedrifter, gjennom annonsar og redaksjonell omtale. Me har totalt hatt 6 oppslag med redaksjonell omtale og to annonsekampanjar; med ledige læreplassar i februar 2018 og synleggjering av opplæringsbedriftene i utdanningsavisa i november 2018.

Knarvik 28.02.2019



NILS ARNE TRÆLAND

Styreleiar



JIMMY PASALI

styremedlem



KONRAD RISNES

nestleiar



RUNE MYNTEVIK

styremedlem



KARI ESPELAND BRUVIK

styremedlem



METTE MÆREI TRÆLAND

styremedlem



LILLIAN V. MONGSTÅD

dagleg leiar